

Firda Seafood Group AS
Kalvøyna 75
5970 BYRKNESØY

Vår dato: 13.02.2020
Vår ref.: 201836921-14
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

Firda Seafood Group AS – søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet, Gulen kommune i Vestland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 11.07.2018, og justering av søknad datert 26.06.2019.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til regulering og uttak av vatn til produksjon av settefisk frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet i Gulen kommune med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunningjeving for løyvet er gitt i vedlagt notat, Bakgrunn for vedtak - Regulering og uttak av vatn til Mjåsund settefiskanlegg. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld regulering og uttak av vatn til produksjon av settefisk frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet, og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmende for sikkerheitskrava som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. Seksjon for damsikkerheit godkjenner dei tekniske planane, og seksjon for miljøtilsyn godkjenner miljøplanen. Begge seksjonane ligg under NVE sin tilsyns- og beredskapsavdeling.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 4/2018 og 3/2013 ”Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga.” og ”Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon” som er å finne på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for regulering og uttak av vatn til Mjåsund settefiskanlegg
Bakgrunn for vedtak - Regulering og uttak av vatn til Mjåsund settefiskanlegg

Kopi til:

Firda Seafood Group AS v/Lina Braanaas Utne
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Gulen kommune
Kystverket
Mattilsynet
Rådgivende Biologer AS v/Geir Helge Johnsen
Sogn og Fjordane fylkeskommune
VESTLAND FYLKESKOMMUNE